

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skriven: 02.03.2005
Sakshandsamar: Terje Arne Krokvik
Saka gjeld: **Lånemidlar og investeringar 2005**

Sak nr. 33/05 B

Styremøte 15.03. 2005

1. Innleiing

Styret i Helse Vest behandla i møtet den 15/12-04 under sak 094/04 B innspel til statsbudsjett 2006 – investeringar. Styret fatta da følgjande vedtak:

- 1. Investeringar i psykiatriplan blir gjennomført innanfor tilgjengeleg ramme*
- 2. Styret tar investeringsplanane i Helse Vest til orientering. Avskrivningstilskot blir fordelt i tråd med inntektsmodell 2005 og styret ber helseføretaka om å prioritera investeringar innanfor tilgjengeleg finansiell ramme. Det må også gjerast ei vurdering av om ein kan redusere/utsette investeringar for å gi finansielt rom for å gjennomføre delar av dei store byggeprosjekta.*
- 3. Styret ber samtidig om at investeringsplanane i Helse Stavanger og Helse Bergen blir tatt opp med eigaravdelinga og at ein drøfter muligheita for å få tilleggsfinansiering for å kunne gjennomføre investeringsprosjekta.*
- 4. Styret ber administrasjonen rapportere planlagde investerings- og lånebehov til eigaravdelinga på fastsett mal.*
- 5. MOBA prosjektet i Helse Stavanger blir utsett til ein har avklaring på den samla finansieringa.*
- 6. Låneramma vert fordelt når denne er meddelt frå Helse- og omsorgsdepartementet.*

Helse Vest har nå fått tildelt kr 350 mill i låneramme for 2005. Dette gir følgjande utvikling av låneramma sia etableringa av ordninga i 2002:

| | | |
|--------|----|----------|
| - 2002 | kr | 184 mill |
| - 2003 | | 282 mill |
| - 2004 | | 200 mill |
| - 2005 | | 350 mill |

Det er uklart kva Helse Vest kan rekne med av lånemidlar i dei komande åra. På grunn av denne uvissa kan ein vanskeleg nytta låneramma inn mot store prosjekt som går over fleire år då ein ikkje har oversikt over kommande års lånemidlar og om desse er tilstrekkeleg for å gjennomføre prosjekta. Helse Vest har tatt ny kontakt med Helse- og Omsorgsdepartementet for å få eit møte kor muligheita for finansiering av dei store prosjekta blir drøfta. Inn til ein

har ei slik avklaring må ein styre lånemidlane inn mot dei prosjekt som har ei klar avgrensing innanfor den totale låneramma.

2. Kommentar

I tabellen nedanfor er det gjort eit samandrag av dei investeringsbudsjetta som helseføretaka har lagt fram for sine respektive styrer. Desse vil kunne bli påverka av lånetildelinga og Helse Vest vil derfor måtte koma tilbake med eit justert investeringsbudsjett etter at lånefordelinga er vedtatt.

Investeringsplaner i helseforetakene

Foreløpig investeringsbudsjett 2005

| | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Helse Vest IKT | Apotekene Vest | SUM |
|---------------------------------|-----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Bygg og anlegg | 85 000 | 135 000 | 234 000 | 75 000 | | | 529 000 |
| MTU | 50 000 | 15 500 | 106 000 | 20 000 | | | 191 500 |
| IKT | 20 000 | 10 000 | 30 000 | 20 000 | 54 000 | | 134 000 |
| Annét | 10 000 | 5 500 | 67 000 | 10 000 | | 22 000 | 114 500 |
| Sum investeringsbudsjett | 165 000 | 166 000 | 437 000 | 125 000 | 54 000 | 22 000 | 969 000 |

Helse Stavanger har i tråd med vedtak under sak 094/04 B ikkje lagt inn investering knytt til MOBA. Under posten ”bygg og anlegg” er det lagt inn diverse bygningsmessige tiltak på kr 40 mill samt kr 45 mill til utviding av kapasitet og konkurranseevne.

Helse Fonna har under posten ”bygg og anlegg” kr 110 mill som er knytt til psykiatriinvesteringar. Den resterande investeringa under denne posten er knytt til rest etappe III austfløy samt mindre ombygg og investeringsprosjekt.

Helse Bergen har under posten ”bygg og anlegg” lagt inn investeringar knytt til somatikk på kr 134 mill og psykiatri på kr 100 mill. Av dei samla investeringane har Helse Bergen føresett ei lånefinansiering på kr 100 mill knytt til arealplan. Det føreligg førebels inga avklaring på finansiering av arealplanen. Helse Vest har derfor ved vurdering av lånemidlar trekt i frå kr 100 mill på investeringsbudsjettet til Helse Bergen i påvente av ei avklaring på den samla finansieringa av dei store investeringsprosjekta.

Helse Førde ligg inne med kr 75 mill knytt til påbygg 2000.

Investeringane i Helse Vest IKT gjeld utelukkande utstyrsinvesteringar. Beløpet er eit førebels overslag og er usikkert. Prosjektarbeid som vert aktivert er halde utanfor ved vurdering av lånemidlar.

Investeringar i Apoteka Vest gjeld mellom anna ombyggingar på kr 13 mill, installering av autoklav (prosessforbetring samt HMS krav) samt ei rekke mindre investeringar som samla tilsvarar kr 22 mill.

Tildeling av lån

Ved tildeling av lån for 2005 vil administrasjonen i tråd med vedtak frå styret tilrå at ein legg til grunn ei prioritering av investeringar i psykiatriplan for å sikre at ein har finansielle midlar til å gjennomføre opptrappingsplanen innan utgangen av 2007.

Det blir derfor foreslått at ein av dei kr 350 mill i lånemidlar vidarefører kr 200 mill i ordinær låneramme og kr 150 mill til investeringar i psykiatriplan. Av den ordinære låneramma på kr 200 mill inkluderer ein også Helse Vest IKT og Apoteka Vest med h.h.v. kr 54 og kr 19,7 mill. Dette inneber at kr 126,3 mill blir fordelt til helseføretaka og at ein som tidlegare nyttet nøkkel for avskrivningstilskot ved fordeling av lånnet mellom føretaka. Lånet skal også her gi prioritert til investeringar i psykiatriplan for dei helseføretaka som har denne type investeringar inne i sin plan for 2005.

Dei resterande kr 150 mill av låneramma gis utelukkande til investeringar i psykiatri. Helseføretaka må vurdere om dei kan framkunde oppstart av psykiatriprosjekt og må då søke særskilt om å få tildelt lånemidlar.

Finansiering av investeringsplanane kan oppsummerast i følgjande tabell:

Investeringar:

| | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Helse Vest IKT | Aptekene Vest | Tilbakeholdt | SUM |
|---|-----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|---------------|--------------|----------------|
| Investeringsbudsjett | 165 000 | 166 000 | 437 000 | 125 000 | 54 000 | 22 000 | | 969 000 |
| Fremskyndet oppstart av DPS/BUP | | | | | | | | - |
| Nedtrekk av arealplan inn til finansiering er avklart | | | -100 000 | | | | | -100 000 |
| Tilpassning av investeringsramma | | | -31 734 | -27 451 | | | | -59 185 |
| Investeringsbudsjett tilpassa finansieringsramma | 165 000 | 166 000 | 305 266 | 97 549 | 54 000 | 22 000 | - | 809 815 |

Finansiering:

| | | | | | | | | |
|-------------------------------|----------------|----------------|----------------|---------------|---------------|---------------|----------------|----------------|
| Tilskudd til avskrivning | 190 878 | 113 692 | 255 024 | 81 494 | | | | 641 088 |
| Fordeling lån etter nøkkel *) | 37 605 | 22 398 | 50 242 | 16 055 | 54 000 | 19 700 | | 200 000 |
| Økt låneramme - psykiatri | | 29 910 | | | | | 120 090 | 150 000 |
| Sum tilskudd og lån | 228 483 | 166 000 | 305 266 | 97 549 | 54 000 | 19 700 | 120 090 | 991 088 |

*) Av dei kr 200 mill er kr 126,3 mill fordelt til helseføretaka etter nøkkel for avskrivningstilskot

På linja "tilpassing av investeringsramma" ligg det ikke ei nedjustering av investeringane i Helse Bergen og Helse Førde. Dette er ei saldering for å tilpasse samla investeringsramme til den samla finansieringsramme.

Helse Stavanger vil ved tildeling av lån måtte prioritere oppstart av psykiatriprosjekta sine allereie i 2005. I følgje innmeldt plan står Stavanger DPS oppført med ein oppstart i 2006 og deretter oppstart av BUP Stavanger i 2007. Deler av tilbakehaldne lånemidlar på kr 120 mill kan nyttast til å sette Helse Stavanger i stand til å framkunde eit av psykiatriprosjekta. Dei må i så fall søke på deler av desse lånemidlane.

Ved Helse Fonna er ein stor del av byggprosjekta i 2005 knytt til opptrappingsplan psykiatri (kr 110 mill). Ved å løyve kr 29,9 mill vil Helse Fonna vere å stand til å gjennomføre sine investeringsplanar i 2005.

Helse Bergen har innarbeida oppstart av arealplan i 2005 med et lånebehov på kr 100 mill. Prosjektet må sjåast under eitt og den samla finansieringa må avklarast med departementet før prosjekta vert satt i gang. I samband med vurdering av lån er det derfor trekt i frå kr 100 mill i investeringsbudsjettet i påvente av ei samla finansieringsløysning. Deler av dei tilbakehaldne lånemidlane kan nyttast til å framskunde psykiatriprosjekt og Helse Bergen må i så fall søke på deler av dei tilbakehaldne lånemidlane.

Det gjenstår framleis eit arbeid med kvalitetssjekk av IKT investeringar i IKT eininga. Det er derfor knytt uvisse til deira lånebehov. Ein reduksjon her vil kunne gje muligkeit for å auke lån til helseføretaka.

Apoteka Vest har i styresak 06/05 B fatta vedtak om investeringsramme på kr 22 mill. Avskrivingane utgjer kr 2,3 mill og det er då behov for å låne kr 19,7 mill til gjennomføring av investeringane.

Dei store investeringsprosjekta ved Helse Stavanger og Helse Bergen vil ikkje kunne gjennomførast innanfor den tildelte lånaramma for 2005. Finansiering av desse prosjekta må derfor avklarast særskilt i møte med eigaravdelinga. Helse Vest vil kome tilbake med ei nærmare orientering til styret etter at ein har ei slik avklaring.

Forslag til vedtak:

1. Lån til investeringar i 2005 blir fordelt med følgjande beløp

| Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Helse Vest IKT | Apotekene Vest | SUM |
|-----------------|-------------|--------------|-------------|----------------|----------------|---------|
| 37 605 | 22 398 | 50 242 | 16 055 | 54 000 | 19 700 | 200 000 |

2. Den resterande lånaramme på kr 150 mill blir fordelt til investeringar i psykiatriplan etter søknad frå helseføretaka. Av desse midlane gis det tilsegn om lån til Helse Fonna med kr 29,9 mill.